

# ETNE KOMMUNE

## SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Komite Forvaltning	11.12.2014	116/14	ANB

<b>Sakshandsamar:</b> Annbjørg Bue	<b>Arkiv:</b> N-645.7	<b>Arkivsaknr:</b> 2014000702
---------------------------------------	-----------------------	----------------------------------

### HOVUDPLAN SKOGSVEGAR

#### Vedlegg i saka:

Hovudplan skogsvegar 2013-2025

#### Utrykte saksdokument:

Ingen

#### Saksgang:

Formannskapet  
Kommunestyret

#### Utskrift til:

Etne skogeigarlag ved John Magne Seljelid, Sørstranda, 5590 Etne  
Etne bondelag ved Vidar Sørheim, Sørheim, 5590 Etne [Vidar80@webmail.no](mailto:Vidar80@webmail.no)  
Etne bonde- og småbrukarlag ved Jens Markhus, 5593 Skånevik  
Fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga, postboks 7315, 5020 Bergen  
Utviklingavdelinga ved rådgjevar Frida Halland, [frida.halland@etne.kommune.no](mailto:frida.halland@etne.kommune.no)

## **SAKSUTGREIING:**

### **1. Kva saka gjeld:**

Saka gjeld godkjenning av «Hovudplan skogsvegar» for Etne 2013 – 2025.

### **2. Bakgrunn for saka:**

Kystskogmeldinga frå 2008 legg opp til ei dobling av verdiskapinga i skogbruksnæringa langs kysten frå Rogaland i sør til Nord- Noreg frå dagens nivå på kring 17 milliard kroner til om lag 40 milliard kroner mot år 2020. Denne plana tek sikte på å løysa ut dei store areala som vart planta til i skogreisinga frå 1950 talet.

«Hovudplan skogsvegar» er ei sektorplan (temaplan) og vil bli knytt til landbruksplan i Etne kommune.

Veg er viktig i eit økonomisk skogbruk. Plana omfattar 12 veganlegg med 22453 km med veg. Planlaga vegar utløyser 4550 da med kulturskog der det står 227.481 m<sup>3</sup> med grantømmer. Kostnaden med vegbygging er 22,5 million kroner. Førstehandsverdien av tømmeret er 79,6 million kroner. Nasjonalt reknar ein med at tømmerstokken kan utgjera ei verdiskaping som er 12 gongar (ringverknadar) førstehandsverdien. Legg ein til grunn skogen som desse vegane i Etne utløyser er den nasjonale verdiskapinga på kring 955 million kroner . I denne samanhengen er 13,5 million kroner (60% av 22,5 mill. kr), som er dei statlege tilskota til skogsvegane ,ei god investering for staten.

Kommunale vegar er viktig føresetnad ved uttransport av tømmer til industrien. Derfor er det og i planen ei målsetjing om å gå gjennom kommunale vegar og vurdera oppskrivning eller nødvendig utbetring av flaskehalsar.

For fakta utover dette viser administrasjonen til vedlagde kopi av Hovudplan for skogsvegar 2013 – 2025.

### **3. Problemstilling:**

Skal kommunen godkjenne «Hovudplan skogsvegar» for 2013 – 2025 slik han ligg føre?

### **4. Vurdering:**

Plana har vore til intern uttale i kommuneadministrasjonen.

Hovudplana er ikkje juridisk bindande, den bestemmer ikkje kva tiltak som skal/skal ikkje utførast på eit bestemt areal.

Hovudplana er ei oversiktsplan, ein analyse som trekkjer opp hovudlinene i den trongen som skogbruket har for vegar. Kvar einskild skogeigar bestemmer eige aktivitetsnivå.

«Hovudplan skogsvegar» er ein sektorplan (temaplan) og vil verta knytt til landbruksplan i Etne kommune.

«Hovudplan skogsvegar» gir ein peikepinn på aktuell skogsvegtrase. Endeleg trase og dekningsområde kan avvike frå plan. Dei ulike vegane er ikkje unnateke vanleg saksgang for godkjenning av landbruksvegar. *Forskrift om planlegging og godkjenning av vegar for landbruksformål* gjeld, og når det blir aktuelt må kvar veg søkjast om til kommunen på vanleg måte.

«Hovudplan skogsvegar» er viktig når det gjeld prioritering av statlege midlar til skogsvegbygging.

Med dette utgangspunktet vil administrasjonen tilrå at «Hovudplan skogsvegar» blir godkjent.

#### **TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:**

Etne kommune godkjenner «Hovudplan skogsvegar 2013 – 2025».

Plana tek sikte på at skogsvegar skal løysa ut areala som er planta til med gran frå starten av 1950-talet og fram til i dag. Veg er viktig i eit økonomisk skogbruk. Plana omfattar 12 veganlegg med 22453 km med veg. Planlagde vegar utløyser 4550 dekar med kulturskog der det står 227481 m<sup>3</sup> med grantømmer. Kostnaden med vegbygging er 22,5 million kroner. Fyrstehandsverdien av tømmeret er 79,6 million kroner. Nasjonalt reknar ein med at tømmerstokken kan utgjera ei verdiskaping som er 12 gongar (ringverknadar) førstehandsverdien. Legg ein til grunn skogen som desse vegane i Etne utløyser er den nasjonale verdiskapinga på kring 955 million kroner . I denne samanhengen er 13,5 million kroner (60% av 22,5 million kroner), som er dei statlege tilskota til skogsvegane, ei god investering for staten.

Opprusting av kommunale vegar blir å prioritere i samband med budsjett og økonomiplanar.

#### **11.12.2014 KOMITE FORVALTNING**

Knut Erik Ebne (Sp) fremja fylgjande framlegg:

*«Hovudplan skogsvegar vert lagt ut på høyring før Komite Forvaltning tek saka opp til handsaming.»*

RØYSTING: Framlegget vart samrøystes vedteke.

Etter dette ligg det føre slik:

**FV-116/14 VEDTAK: samrøystes**

Hovudplan skogsvegar vert lagt ut på høyring før Komite Forvaltning tek saka opp til handsaming.